



Saksframlegg

| | | |
|------------------------|--------------------------------|-----------------|
| Saksnr: | Utval: | Dato |
| | Plan- og kommunalteknisk utval | 02.03.2022 |
| Sakshandsamar: | Politisk-adm.sekretariat | Runar Ludvigsen |
| Avgjerslemynde: | Arkivnr.: 21/2563 | Klassering: |

Oppfølging av høringsdokument for planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel (KPA)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Plan- og kommunalteknisk utval tek saka til vitande.

Saksopplysningar:

Heradsstyret gjorde den 23.02.2022 slikt vedtak i sak om planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel:

«1. Pkt. 6.1,

- Tabell 6.1., nest siste linje, høgre kolonne: «Plan- og kommunalteknisk utval med tillegg av ein representant frå kvart av dei partia som ikkje har faste medlemmer i utvalet som ikkje sit i politisk styringsgruppe. «

-Den politiske arbeidsgruppa vel leiar sjølv og vel også kor ofte dei møtest. Arbeidsgruppa arbeider fram eigne merknader og arealinnspele.

Pkt. 6.2

Frist for høringsmerknader og arealinnspele vert sett til 31. mai 2022. Det gjev tilstrekkeleg tid til innspel og gjer det forsvarleg å ikkje ta imot nye innspel når sjølve planen kjem på høyring.

Planavdelinga arbeidar med merknader og siler arealinnspele fram til Plan- og kommunalteknisk sitt møte 24. august. Resten av tidslinja vert skyvd tilsvarande.

Pkt. 7.1.:

-Grøn boks: Ny tekst: «Alle arealinnspele må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel.»

-Siste kulepunkt erstattast med: «Innspelet må innehalda ein omtale av kjente utfordringar.»

Elles til vedtaket:

Det bør lagast ein særskilt plan for høgt engasjement og medverknad i høringsrunden, inkludert alle relevante sosiale mediaplattformer (Facebook, Instagram, nett osv.). Dette må inkludera å nå ut til flest mogleg via alle tilgjengelege teknologiske kanalar, frå bodstikke til TikTok. Plan- og kommunalteknisk utval vert beden om å særleg følgja opp denne medverkinga.

Ein bør søkja å få arealføremål for eksisterande bustadar som samsvarar med realitetane så langt det er tenleg.

Konsevensvurdering

Tillegg i tabell 5-1 på side 22 i kapittel om konsekvensvurdering.

Tema: samfunnsutvikling; tillegg under FOKUSOMRÅDE: samordna areal- og transportplanlegging (måloppnåing av arealstrategi.) og teknisk infrastruktur (tilgang til

eksisterande veg, VA og distribusjonsnett for strøum) KJELDE: Generell strategi for arealplanlegging i Osterøy kommune, HS 13.10.21. Nettanlegg (NVE) VA-anlegg (kommunen) og Vegdatabank el.likn.»

Vurdering

Rådmann legg fram redigert planprogram (etter vedtak i heradsstyret) som vart lagt ut på høyring 25.02.2022.

Leiar for Plan-avdelinga kjem i møte for å orientere i saka

Konklusjon

Saka vert lagt fram for Plan- og kommunalteknisk utval.

Ikkje vedlagte saksdokument:

| Doknr | Type | Dato | Tittel på saksdokumentet |
|--------------|-------------|-------------|---------------------------------|
| Doknr | Type | Dato | Tittel på journalpost |

Vedlagte saksdokument:

| | | | |
|---------------------------------|--|--------|------------|
| Planprogram | | 341405 | 24.02.2022 |
| KPA_HØYRINGS DOKUMENT_240222 | | | |